

Årsmelding 1996



Lom og Skjåk
Sparebank

Pengar og materiell velferd, som Lom og Skjåk Sparebank arbeider med til dagleg, er berre ein del av den rikdomen bygdafolket i Lom og Skjåk forvaltar.

Det den veldige naturen rundt oss gjev av rekreasjon, naturopplevingar, fred og ro, er - når alt kjem til alt - vel så viktige bidrag i den daglege trivsel.

Rikdomen i den omfattande faunane som finst i fjell og skog, luft og vatn, med dyr og fuglar som gjev landskapet innhald og liv og er ein viktig del av naturopplevinga. Grunnlaget for dyrelivet er vegetasjonen som blir delt inn i ulike soner eller leveområde. Dei fleste artar er tilpassa spesielle levevilkår og har derfor spesielle krav til leveområde.

I Lom og Skjåk er fjell og barskog dominerande, men kulturlandskap og våtmark er og viktige for artsmangfaldet. I Skjåk finn vi vide fjellområde og langstrakte dalar, eit einsarta landskap med berre spreidde innslag av varmekjære lauvtre. Topografien i Lom er meir variert og gjev eit samansett mønster av ulike vegetasjonar.

Med god hjelp av lokale kjennarar vil vi på dei neste sidene forsøke å gje eit inntrykk av det mangfaldet og den rikdomen som den veldige naturen rundt oss gjøyer på.

Rovdyra - viktige brikker i samspelet i naturen

Heilt sidan livets opphav har vi hatt rovdyr i naturen. I vårt område skiller vi mellom dei fire såkalla store rovdyra og dei mindre rovdyra. For 150 år sidan var gaupe, jerv, ulv og bjørn vanlege artar i Noreg. I dag ynglar det ingen ulv her til lands. Bjørnen ynglar berre i Finnmark. Styresmaktene har forplikta seg til å ta vare på desse artane. Samtidig gjer dei store skade på rein og husdyr fleire stadar i landet.



Ulven - den mest sjeldne

Ulven eller vargen lever som flokkdyr, og berre leiaren av flokken parar seg. Det skjer i februar og mars. Ulven går drektig i om lag ni veker. Kulla er til vanleg på seks til sju kvelpar men kan bli opp til tolv. Ved fødselen veg ulven ca 400 gram. Som vaksen kan han bli opp til 50 kilo. Det er påvist at ein enkelt ulv har drepe 21 rein på 17 dagar. Ulven kan bli opp til 16 år og er mykje lik hunden. Ulven vart freda i 1971.

Det har ikkje vore sett ulv her i nærmiljøet sidan krigens dagar da ein tamrein flokk i Tesseområdet vart oppsøkt av eit dyr. Reingjetarane skaut på han og var nære på å få han på dyret. Etter dette kjenner ein ikkje til at dethar vore ulv i våre traktar.

Bjørnen - ein altetande vintersovar

Bjørnen har nok luska rundt i skog og fjell i Ottadalen, men i svært liten grad i vårt århundre. Den lever som einstøing. Dersom det er fleire i følgje, er det ungbjørnar som ikkje har nådd kjønsmoden alder eller mor og ungar. Hannbjørnen har ofte svært dårlege hi, gjerne under ei lurvegran der han lar seg snø ned.

Hoa finn seg derimot meir komfortable stader for vinteren for ho skal føde ungar i hiet. Det er to til tre ungar i kullet som kvar veg berre ca 250 gram og er 20 - 25 cm lange. Bjørnen blir opp til 35 år gammal i vill tilstand. Den vart også freda i 1971.

Den siste gongen ein kjenner til det har vore løyst skot mot bjørn her i området, var i 1908. Da låg det tre karar på Bøvertun og snekra. Dei gjekk seg ein sundagstur opp Breiseterdalen og kom over spor etter bjørn. Ein av karane hadde med seg gevær og fekk skot på bamsen ved Nufshaug men traff ikkje. Seinare følgde dei bjørnen heilt til Guridalen der dei mista spora.

Åttisju år seinare, på vårparten i 1996, dukka det opp bjørn faktisk akkurat på den same plassen ved Nufshaug. Denne var registrert og kunne dermed følgjast på si ferd rundt omkring på austlandet. Midt i juni drap bjørnen ei søye i Visdalen før han vandra vidare over til Valdres og Land der han gjekk i hi for vinteren. Det er ingen fast bestand av bjørn i vårt område.

Jerven

- Fillefransen

Jerven ynglar på seinvinteren og får som regel to eller tre ungar. Ved fødselen veg jerven ca 100 gram og er 12-14 cm lang. Ungane syg mora i fem til seks veker, men tek og fast føde frå trevekersalderen. Jerven blir fødd i snøhi og går ut fyrst i mai. Jerven blir opp til 15 år gammal men gjenomsnittsalderen er faktisk berre 3 år.

Jerv har det og vore i fjella våre i uminnelege tider, og Fillefransen eller Felefros, som jerven også blir kalla, held som regel til der det er rein. Mange meiner derfor at dyret berre finst i høg-fjellet. Dette er nok ikkje rett, for det er sett jerv heilt ut i skogs-traktene på Gran.



Jakt på jerv har det og vore i alle tider. Vi kan endå sjå spor i fjella etter dette. På det høgste Liaberget, eller i skardet mellom Liaberget og Sauhøa, står det enno ein slagstokk som var tenkt for jerv. Store, heimsmidde sagtenna sakser var ofte å finne i fjella tidlegare. Og ein kan leggje merke til at jerven rek på dei same plassane i dag som der fangsreiskapen stod før. Det har og vore fanga mange jervar her. Ein reingjetar tok ein på Kvitingskjølen og ein vart fanga i Visdalen. Dette skjedde på 1940-talet.

På 1960-talet vart det teke ein jerv ved Hestbre-piggane, og Jo Nyøygard tok ei tise og ein unge ved Gjende. Den siste som er fanga i Lom var ein trefoting på Sognefjellet på 70-talet. Også i Skjåk har det vore skote fleire jervar. Sigurd Mork og Lasse Rustad var blant dei mest ivrige jegrane. Dei skaut jerv både i Lundadalen og i Sotfjella.

Etter dette har det vore lite jerv i fjella her. Men heilt reint har det ikkje vore. Etter som bestanden har auka i kjerneområdet på Lesja, blir dei yngre dyra tvinga ut for å etablere seg. Det er derfor ei veksande stamme i Finndalen i Lom og likeeins i den nord-vestlege delen av Skjåk. Det er også jerv på Loms-eggen, og sør for Bøvra er

det med sikkerheit registrert to dyr. To sauer vart drepne i Visdalen av jerv i 1995. Nord for Bøvra, i Skjåk og i Finndalen er det fleire sauer som er dokumentert drepne av jerv. Jerven streifar langt og brukar berre to til tre døgn på ei vandring frå Valdres-flya til Sognefjellet.

Gaupa

- det einaste ville kattedyret

Gaupa er det einaste ville kattedyret i Skandinavia. Utsjånad, spenst og hurtigheit er eigenskapar ho deler med huskatten og andre slektingar som tigeren og leoparden. Gaupa lever også eit einsleg liv utanom parings-tida. Er det fleire dyr i lag er det mor med ungar. Gaupa parar seg på seinvinteren og før i mai eller juni. Dei to eller tre ungene blir dia i om lag seks månader.



Ei vaksen gaupe blir opp til 25 kilo, men det er registrert gauper på heile 30 kilo. Gjennomsnittsalderen er fire år. Mange døyr som ungar. Gaupa streifer nær ei mil i døgnet. Gaupa vart mellombels freda i 1991, men det har vore kvotejakt sidan 1993.

Av gaupe er det nå registrert to eller tre dyr i vårt distrikt. Den einaste som har funne gaupebol i Lom var Gudbrand I. Kveen. Han gjekk seg på bolet ved ein stor stein i Runningsfjellet medan han var reingjetar. Det var to ungar i bolet. Bestanden av gaupe svingar som regel i takt med rådyrbestanden. Fyrst på 50-talet var det ei gaupe i Bøverdalen som hadde spesialisert seg på rådyr. Gaupa hadde tilhald på ei side av Bøvra om dagen og jakta på den andre om natta. Ho hadde fast rute over på Kleivbakka. Ei natt med måneskin sette fire karar seg på post og venta på gaupa og felte ho. Det hadde gått hardt ut over rådyra den vinteren. Seinare vart det skote ei unngaupen i Lia under elgjakta, og Torleif Brenna

skaut eit dyr på innmarka heime. Denne fann dei eit saumerke med Torleif sitt eige namn på i mageinnhaldet. Den siste gaupa som er avliva i Lom vart påkjørt av bil i Vikedalen.

Streifdyr av gaupe har vi i området til vanleg. Ynglingar har det derimot ikkje vore konstatert på fleire år. I det siste har det kome inn meldingar om gaupespor tre gonger i Bøverdalen og ein gong i Lia. Alle desse spora var etter einslege dyr. Gaupa drep ved å kvele byttet, som regel ved å bite saman strupehovudet.

Raudrev



Røyskatt

Dei små rovdyra rundt oss

Talet på rev har gått opp og ned dei siste ti-åra. Skabben har ramma revestamma i heile landet og ført til ein sterk reduksjon. Mang ein gardbrukar har funne att døde og halvdøde revar ved fjøs og uthus, hundeeigarar har frykta at skabben skulle smitte over på eigne firbeinte og folk flest har vore engstelege på revens vegne. Heldigvis ser det

nå ut til at bestanden er på veg opp att og under det siste lemenåret var det ekstra store revekull. Reven er kanskje det rovdyret vi kjenner best til. Til tider kan kvelpar opptre svært tillitsfullt.

Sist vinter var det faktisk fleire «tamme» revar rundt i bygdene våre. Dei tok mat av handa og følgde folk ved foten på kveldsturar. Dette er trivelege episodar, men sjølvsagt ikkje vanleg. Reven er eigentleg ein sky skapning som vil sjå, men helst ikkje sjølv bli sett.

og til og med fugl så stor som tiur. Legg ein til reirplyndring i fjell og skog, skjønar ein at måren kan vere ein hard predator. Stundom kan måren vere lei til å bryte seg inn i hytter og fjellstover. I påska i 1996 braut faktisk ein mår seg inn i hytta på Galdhøpiggen. Fleire jegerar har teke opp at jakta på mår med feller, og er nå med på å regulere mårbestanden.

Minken er ein fyr som vekker både glede og sinne hjå folk. Som fiskedrepar er minken ikkje særleg populær. Minken øydelegg vinterstamma av fisk i elvene våre, er det mange som hevdar. Kanskje er det noko rett i det. Det spørst likevel om det er så mykje mink langs vassdraga våre som folk vil ha det til. Ein einsleg mink kan lage mange spor og bli sett fleire gonger. Dyret er nytt i norsk fauna og fredlaust heile året. Om sommaren finn vi den i dei fleste vassdraga i Lom og Skjåk. Om vinteren har den ein tendens til å flytte på seg. Ottaelva synst i Skjåk og nedover frys att og minken i Lom trekkjer ofte oppover Bøvra. I Skjåk er det fleire opne elver og minken flytter derfor mindre på seg her. I tillegg må den ofte ty til smågnagarar om vinteren og vi kan derfor finne minkspor eit godt stykke frå elva.

Snømus og røyskatt er dei minste mårdyra i Noreg. Særleg røyskatten har vi mykje av i Ottadalen og han er delvis undervurdert som jeger. Ein gong sat to tømmerhoggarar og kvilde. Med eitt flaug det opp ein stor tiur ute på ei flate. Denne flaug rett til værs og dei skimta eit kvitt band som hang kring halsen på fuglen. Det kvite bandet var ein røyskatt som hadde floge på tiuren. Etter ei rask flukt måtte tiuren gje opp. Røyskatten hadde bora dei sylskarpe, små tennene sine godt inn i halsen på fuglen. Om vinteren må røyskatten ha mat i kroppen ustaseleg. Den vesle kroppen treng da svært mykje energi for i det heile teke å overleve. Snømus er mest heilt lik ein røyskatt, og lever mykje på same måten. Ho er mindre og er derfor ikkje i stand til å ta noko

Når reven blir borte, vert det fritt spelerom for måren. Denne artige skogsfanten er det ikkje mange som har sett i levande live. Ei tid var det så lite mår at den vart freda. Pelsen er verdifull og tidlegare kunne flokkar med jegerar ta del i ei mårjakt om nokon var så heldige å oppdage eit einsleg spor. Under fredinga og i seinare tid har det vorte mykje meir mår her i dalen. Måren er ein stor jeger. Den tek ekorn i trea, smågnagara, hare

særleg større vilt enn mus og lemen. Derimot går snømusar røy-skatten ein høg gang når det gjeld å vere ein effektiv musejeger. Ho er så lita at ho lett kan jakte i dei trange musehola. Snømusar manglar den svarte halespissen som «storebroren» er kjent for.

Grevlingen er ein merkeleg skapning. Denne altetaren ligg i hi om vinteren, men kan ta seg ein og annan tur ut når det er mildver. Spora kan minne om spora etter ein liten bjørn med jamsides klør i framkant. Appetitten er det ikkje noko å utsetja på, og mange har hatt grevlingen på vitjing i søppel-sekkene. Grevlingen kan faktisk også ta små lam, men stort sett får større dyr gå i fred. Den set seg opp dersom den blir truga og kan setje inn eit kraftig bitt. Dessutan er skallen pansra med ein hanekam av bein, og skrotten er ellers svært solid. Grevlingen er ein fredeleg skapning om den får vere i fred. Den held helst til nede i bygdene, men for eit par år sidan vart det faktisk observert grevling så høgt oppe som i Smådalen. Om som-maren går grevlinglivet ut på å skaffe seg mest mogleg mat i kroppen og da går det helst i smågnagarar, frosk, egg og dyreungar - forutan søppel da.

Oteren er ein vassavhengig skapning som er blitt borte frå bygdene våre. Tallrik har den heller aldri vore her. For nokre vintrar sidan vart det likevel sett eitt eksemplar av arten. Denne var visst på langfart, for den følgde Bøvra oppover dalen heilt til fjells. Truleg var den på tur mot vestlandet. Den vart aldri sett meir.

Rovdyr i stadnamn

Rovdyra har sett spor etter seg også i lokal namnebruk og språk. «Den som tåler å eta mat som er både roten og muggjen utan å bli sjuk av det har jervemågå» blir det sagt. Gaupeland er nytta på område med vanskeleg lende og å uttrykket «å vere sterk som ein bjørn» kjenner alle. Ulven, eller vargen, har kanskje vore mest nytta i slike samanhengar. «Den som vil med ulvom bu, lyt med ulvom tute», heiter det. Uttrykket «glupsk som ein ulv» treng ikkje forklaring. «Einsam ulv» betyr ein utstøtt eller ein einstøing i og med at ulven eigentleg er eit flokkdyr. «Ulv i fåreklær» kan høyrast troskyldig ut, men er nok det motsette.

Storebjørn



Bess er eit anna uttrykk for Bjørn og har gjeve namn til til dømes Besseggen og Besshø. Fjelltoppen Storebjørn har fått namnet sitt på grunn av forma. Bjøynnskarde ligg øvst i Kleppdalen, Bjøynnalja er ein seterstul, Bjøynnsteinen finn du ovafor Elveseter og Bjøynnskriu er i Billingsdalen. Vargeflya og Varge-botten, Ulvåa og Ulvåt er døme på stadnamn etter ulven. Ei ulvestugu er eit utgrave og steinsett hol i jorda som vart dekt med ein lem.

Når ulven byksa utpå for å fange bytet som var plassert på lemmen, datt han ned i grava og vart fanga. Ulvestugu-odden er på vestsida av Tronoddbrua i Lom ved Skim. Ulven streifa mykje på isen. Ulvelav, som ein finn mykje av til dømes ved Tora, inneheld ei nervegift som er farleg for ulven.

Også jerven har gjeve spor etter seg i namnebruken. Jerveurdi i Memurudalen og Felefrostvatnet i Sogn er døme på det.

Rovdyrplaga på 1800-talet

Ulven eller Gråbein har vi i store mengder og dei gjer stor skade både vinter og sommar trass i at bøndene gjer mye for å forsøke å utrydde dei. Dels ved gift og dels ved feller. Ulven søkjer ned fra fjella og tek kyr ved kvar gard. For å hindre dette, er det halvaksne gutar eller jenter på kvar seter om sommaren. Alltid hadde dei denne redsla for utdyr som dei hadde lite eller ingenting å verje seg mot. Det er mange historiar om folk som møtte på ulven. Ei kjerring som var på veg heim frå slakting

i nabogarden var ikkje langt komen før ho høyrde eit fælsleg ul som kom nærare og nærare. Så skvatt ein skugge over vegen. Ho hadde med seg litt innmat og ymse etter slaktinga som nok kunne kome godt med der ungehoppen var stor og utkoma snau. Ho såg

seg ingen annan utveg enn å løyse opp knytet og slengje ein beta åt udyra medan ho sjølv sprang for livet. Eit par glefs var alt slukt og borte. Og no vart ikkje ulven mindre pågåande. Slik gjekk det heile vegen. Ho slengde ut ein beta og sprang. Dyra kom etter. Da ho endeleg fekk stuft seg inn gjennom døra heime, var det ikkje ein kjøtbit att i knytet.

I siste halvpart av førre hundreåret ser det ut til at ulveplaga minka. Etter hundreårsskiftet er ulven vorte heilt borte og det er vel knapt nokon som saknar han.

Frå årbok for Gudbrandsdalen 1974.

Hjortedyra - avgjerande bidrag til livsopphaldet

Lom og Skjåk har store utmarksareal. Det er derfor naturleg at hausting i utmark har gjeve eit avgjerande bidrag til livsopphaldet i fjellbygdene heilt opp til vår eiga tid.

Etter siste istid trekte villreinen inn i fjellområda våre. Noko seinare kom menneska etter. Ein reknar med at veidefolket flytte omkring der reinen trekte, og for desse var villreinen sjølv livsgrunnlaget. Mattilgang var ein ting. Skinn gav klede og fotty og av bein og gevir vart det laga reiskap. Talrike fangstanlegg og restar etter enkle buplassar er tause vitneprov om tider som var.

Jakttradisjonen er framleis levande. Metodane og utstyret er endra. Endra er også føremålet med jakta. Det er likevel liten tvil om at jakta på hjorteviltet betyr mykje for svært mange også i dag gjennom oppleving, matauk og trivnad.

Villreinen - i ei særstilling

Villreinen står i ei særstilling i Lom og Skjåk. Etter at mest all villrein var utskoten i slutten av 1920-åra, og det i fleire tiår var tamreindrift i området, vart det opna for jakt att i 1967. Alt fjell i Skjåk, den delen av Lom som ligg nord for Ottaelva og utmarksareal frå åtte andre kommunar vart heitande Ottadalen Villreinområde.

Ottadalsområdet er eit av dei største og viktigaste i landet. Både jegerar og fagfolk reknar dette som sjølv kronjuvelen av norske villrein-område. I teljande areal ligg 37% av området i Skjåk kommune og 6 % i Lom.

Vinteren 1996/97 reknar ein med at det går om lag 1750 dyr i nordområdet og 750 dyr i sørområdet.

Målet med forvaltninga i Ottadalen Villreinområde er å ha sunne og levedyktige stammer og å ta vare på villreinen sine leveområde. Det har heile tida vore eit godt samarbeid i området. Villreinutvalet for Ottadalsområdet, som er eit arbeidsutval for meir enn 30 ulike grunn-eigarsamskipnader i 10 kommuner over tre fylke, har vorte eit mønster for andre villreinområde når det gjeld forvaltning, jaktsamarbeid og oppsyn.

Villreinen er eit flokkdyr som stadig er på vandring. Tilgangen til mat, vindretning og ulik uroing er faktor-ar som påverkar trekk-mønsteret. Det er imponerende korleis reinen slit seg gjennom vinteren i karrig og værhardt høgfjell. Derfor er det god grunn til å peike på kor viktig det er at reinen får vere i fred, ikkje minst i vårmånadene når simlene går drektige med kalv.



Sverre og Olav Aaboen i Grotådalen i Skjåk sørområde i 1969.



På slutten av 80-åra var vinterstamma i nord truleg nær det doble, og det måtte til ei sterk reduksjonsskyting for å få dyretallet ned på eit nivå som høver til beitegrunnlaget.

I dei 30 åra som har gått sidan områda våre vart opna att for jakt er det i Lom og Skjåk felt om lag 12000 villrein. Kjøtmengda er nå truleg komen opp i 600 tonn. Med ein kjøtverdi på 40 kroner kiloen vil den totale avkastning kome opp mot 25 millionar kroner. For dei fleste er fjellturane, opplevinga, møtet med andre jegerar og det kroppslege og mentale utbytet likevel vel så viktig. Det fyrste jaktåret i 1967 var det i heile Ottadalen Villreinområde gjeve til saman 317 fellingsløyve og 264 dyr vart skotne. Seinare auk kvotene sterkt og i 1975 vart det gjeve løyve for felling av heile 1877 dyr.

VILLREINJAKT I LOM OG SKJÅK
PÅ 1990-TALET:

	Lom		Skjåk	
	Kvotefelling	Felling	Kvotefelling	Felling
1990	192	152	679	571
1991	175	94	706	606
1992	175	125	711	516
1993	117	61	571	354
1994	80	63	391	280
1995	93	71	423	348
1996	75	67	402	285

Elgen

- kom seint attende til Lom og Skjåk

Lom og Skjåk var av dei siste komm-unane i Sør-Noreg elgen kom attende til. Elggraver som kanskje er fleire tusen år gamle syner at det største hjortedyret vårt ein gong fanst i så store mengder at det svara seg å lage arbeidssame innretningar for fangst. Kring år 1600 var det truleg ikkje jaktbare elgstammer att i distriktet. Streifdyra som fanst vart som regel skotne eller tekne av ulv.



I Lom vart fyrste elgen vi kjenner til skoten i 1896. I Skjåk vart det felt tre dyr i 1913. I dei næraste ti-åra var stamma på eit minimum.

Det er uråd å gje eksakte tal på stammestorleiken i dag. Det vi veit sikkert er at det har vore eit sterkt veksande tal utover på 80-talet, og at vi truleg nådde ein topp kring 1995. I Skjåk er det rekna med at vinterstamma dei siste åra har vore på 150 til 170 dyr. Tala for Lom er lågare. Ei teljing i Skjåk vinteren 1965 gav eit resultat på 35 til 40 dyr, medan ei tilsvarande teljing i 1980 viste 55 dyr. Auken har fleire årsakar. Ein byrja å ste ut fellingsløyve etter alder og

kjønn, og det vart lagt stor vekt på å spare produksjonsdyra. Ein tok ut mindre enn tilveksten. I Skjåk er det ei høveleg elgstamme med høg kvalitet på dyra. I Lom kan bestanden i søre delen aukast noko og ein strevar framleis noko med avskytinga, særleg når det gjeld felling av kalv.

Om sommaren går elgen spreidd. Du finn han ved innmark og i dei frodige bratte fjellsidene der veksten er saftig og fristande. Du kan møte elgen langt til fjells på vandring til eller frå nabobygdene både i aust og vest. Om vinteren er snøtilhøva avgjerande for kor elgen held til. Den samlar seg da gjerne i grupper og trekkjer heimover skogliene til gode vinterbiotopar. I år med små snømengder kan mange dyr halde seg langt oppe i bjørke- og vierregionen. Der beste føda er lettast å finne, vil dyra gjerne vere.

For mange er elgjakta eit sosialt fenomen ved at jakta er organisert i lag. Etter ei vellykka jakt på stor-oksten, kan jaktpraten gå langt ut i dei seine nattetimane under parafinlampa i skogsbua. I Skjåk vart det opna for elgjakt i 1949 da to dyr vart skotne.

Talet på fellingsløyve, jaktfelt og jegerar har seinare følgd auken i bestandane. Det er ikkje få kilo med velsmakande elgkjøt som kvart år blir henta ut frå skogane i Lom og Skjåk.

ELGJAKT I LOM OG SKJÅK FRÅ 1970:

	Lom		Skjåk	
	Kvotefelling	Felling	Kvotefelling	Felling
1970	8	5	8	5
1980	21	17	15	11
1990	25	21	43	41
1991	30	23	37	34
1992	36	34	42	42
1993	36	30	50	50
1994	36	30	65	65
1995	34	27	60	59
1996	27	22	50	50

Hjorten

- kom tidleg til Lom og Skjåk

Lom og Skjåk var av dei fyrste bygdene i Gudbrandsdalen som fekk innvandring av hjort. Dyra kom vestafra. Det var ikkje stadeigne stammer før i 1950-åra, men truleg rak det streifdyr omkring så langt attende som på 1700-talet. I dag er dei øvste Ottadalsbygdene fortsatt mellom dei fremste hjortekommunane på austlandet. Dette staselege dyret har vorte ein naturleg og vesentleg del av faunaen.

Det er store variasjonar på stamme-storleiken gjennom året som følgje av trekk til og frå sommarbeite. Om våren trekkjer hjorten inn frå vestlandet til dei rike beita i fjelldalane våre. Frå Lom reknar vi med at det skjer ei motsett vandring frå vinteropp-hald i Vårdalen til sommarbeite i Vågå. I Skjåk er vinterstamma på om lag 90 dyr, i Lom noko færre. I bae kommunane vil ein forsøkje å halde på stammene nokolunde slik dei er i dag. Kvaliteten på dyra er jamnt høg. Dei største kronhjortane som er felt opp gjennom åra er mellom dei likaste som er registrert her i landet, både i vekt og gevirprakt.

Dei vaksne hindene er meir stad-bundne enn hanndyra, som fører eit omskiftande tilvære gjennom året når det gjeld tilhald. Beite- og snøtilhøva styrer det meste. Om sommaren finn du oftast hjorten spreidd høgt oppe i skogliene og langt inne i fjelldalane der beitet er friskt og nærande. Mot slutten av september og utover oktober startar trekket mot brunststadene der dei produktive hindene held til. Dette er gjerne rundt husveggene på gardane nede i bygdå. På enkelte jorde er det natterstid ikkje uvanleg å sjå flokkar på 20 - 30 dyr. År om anna vert det også beiteskader på innmark og gnagskader på ungsog som det må takast omsyn til i forvaltning og avskyting.

Hjortejakta er for mange den heilt store utfordringa. Dyret har svært gode sansar og set kløkta til jegerane på store prøver. Å få has på ein kronhjort er draumen for mange. For andre er hjortejakta noko som følgjer med elgjakta og ein skyt det ein slumpar til å råke på i høve til kvota.

HJORTEJAKT I LOM OG SKJÅK:

	Lom		Skjåk	
	Kvota	Felling	Kvota	Felling
1970	14	5	10	0
1980	38	17	26	17
1990	53	11	43	24
1991	46	23	42	27
1992	54	35	39	25
1993	54	16	40	21
1994	54	20	37	27
1995	46	27	39	31
1996	39	14	35	27

Rådyret - den siste innvandrer

Rådyret er den siste innvandrer- en av hjortevilt i Lom og Skjåk. Dyra kom frå aust og sør. Alt på 1950-talet kunne ein sjå småflokkar på innmark. Sidan har rådyret etablert seg i faste stammer og funne sine biotopar.

Rådyret har høg formeirings- evne og talet kan vekse fort der tilhøva ligg til rette. Samstundes har dette minste av hjortedyra låg tåleevne i høve til kalde og snørike vintrar.

Ei veksande stamme av gaupe vil også halde rådyrbestandane nede. Det er uråd å si noko om stammetalet, men etter kjeinga er det til saman nokre få hundre- tals dyr i bygdene. Forvaltninga er målretta. I baa kommunane er det ynskje om å ha gode stammer også av rådyr. Jaktkvotene blir lagt opp etter kvalifisert gjetning om bestand og nyttbar tilvekst.

Rådyret er knytt til både kultur- landskap og utmark. Du finn dei ofte på innmark, men om sommaren rek mange dyr rundt på frodige beite langt oppe i fjelldalane. Om vinteren held rådyra seg i dei heimare skog- liene der det er lite snø og enklare å finne føde. Da kan dyra kome heilt inn til hus og hagar, og mange har glede av å leggje ut fôr.

Rådyrjakta kom i gang på slutten av 1950-talet. Skjåk almenning fekk fellingsløyve på 29 dyr i 1958. I Lom vart det alt frå tidleg på 60-talet årleg felt så mange som 20 til 30 dyr.

Ettersom bestandane vaks, auka også talet på fellingsløyve. Jakta vart populær. Mest som enkelt- mannsjakt i helgene som ei fin kjelde til rekreasjon og spenning. Fellingsprosenten kan svinge mykje. Frå 1990 har Skjåk kommune årleg gjeve rundt 120 fellingsløyve. I snitt blir om lag halvparten felt. I Lom har kvoten i same periode vore på rundt 75 dyr og om lag ein tredjedel av dyra har vorte skotne.



Haren det mest talrike jaktbare pattedyret

Haren er det mest talrike jaktbare pattedyret av mindre storleik. Som planteetar er han difor svært viktig som byttedyr for fleire predatorar. Harejakt vart i tidlegare tider driven som snarefangst og var meir matauk da enn nå. Rein harejakt blir ikkje drive i særleg grad. Det blir helst noko tilfeldig i samband med anna jakt.

Bestanden av hare svingar ein del frå år til år, men det er lite av talmateriale å vise til. Så store svingingar som vi opplever med smågnagarane, er det likevel ikkje.

Mest markert på den måten er dei såkalla lemenåra. 1966 var det verkeleg store lemenåret, og vi har alle året 1994 friskt i minne. Svingingane var meir regelmessige før, og det ser ut til å vere ein svikt i førekomstene av nokre museartar nå på 90-talet som gjer at ein kan seie at fjelløkologien ikkje er som før.

Endringar i vegetasjonen grunna forureining og beiting har vore nemnt som årsaker.

Ekornet er og ein gnagar som har vorte meir og meir sjeldan det siste tiåret. Stor bestand av mår og katt og biotopendringar grunna skogbruk er moglege årsaker til det. Før vart ekornet jakta på for skinnen si skuld og skrotten vart brukt som åte på mårfeller.



Auren den mest utbreidde fiskearten



Mattias Bismo, veteran ved Lortjønnene.



Ved Torsvatnet.



Utsetting av yngel på Kolbeintvatnet.



Fiskehenting i Botn.

Lom og Skjåk har store ressursar av vatn og elver for fritidsfiske, og fiskeressursane har alltid hatt mykje å seie for bygdafolket. I eldre tider hadde fisket stor verdi som matauk, og for nokre også som næring. Aure er den mest utbreidde fiskearten i landet. Frå steinalderen og fram til vår tid har folk spreidd den til vatn og vassdrag.

Fiske i Skjåk

I dag er auren den dominerande fiskearten i Skjåkfjella. Elles er det røye i Røyetjern mot Lesja og i Skim. I Otta elv er det harr og ørekyt (goløye). Nemnast må og karuss i Karusstjern i Nordberg.

Det er Skjåk almenning som er grunneigar og dermed disponerer fiskeretten og har forvatningsansvaret i alle dei ca. 170 fjellvatna som finst i kommunen. Innanbygdsfolk har løyve til å fiske vederlagsfritt med garn eller sportsfiskeutstyr i alle vatn og vassdrag innanfor grensene til Skjåk almenning. Ved sida avfriluftsliv og opplevingar, er fiske også matauk og då er garnfiske rette metoden. For dei «fiskeande» i Skjåk er dette det vanlege, men enkelte likar større utfordringar og meir spenning - desse grip til sportsfiskeutstyr.

Dei mest brukte fiskevatna er Liavatnet, Raudalsvatnet, Torsvatnet, Breidalsvatnet, Leirungsvatnet og Aursjoen. Sistnemnde er utan tvil viktigast, fordi det ikkje er langt frå bygda, bilveg heilt fram og fiskebestanden har vore god gjennom mange år trass i regulering.

Som del av kultiveringsarbeidet har Skjåk almenning i samarbeid med Skjåk jeger- og fiskarlag drive både klekkeri og setjefiskanlegg. Klekkeri ved Aura kom i drift i 1934 (nedlagt 1959). Damanlegga i Botn starta opp i 1946 og er framleis i drift. Etter nedlegging av klekkeriet, har yngel til damanlegget kome frå Vågå.

Stamfisk er i dei siste 20 - 25 åra teke mest frå Nedre Sjudalsvatnet. Yngelen (opptil 60000 kvart år) frå desse stammene har hatt sin fyrste vekstsesong i damanlegga i Botn. Dei har livnært seg på det dammane produserer naturleg, vesentleg myggjarver. Tidleg haust vert dammane tappa og dei ein-somrige småfiskane bore ut til vatn og småtjern etter behov. I gode somrar har dammane produsert over 40000 utsetjingsklare fiskar. Bygdafolket har gjort ein god jobb her med å vere aktive i dette utsetjingsarbeidet.

I dei fleste høgareliggande fiskelokalitetane i Skjåk er det ikkje naturleg reproduksjon av aure. Derfor er utsetjing heilt nødvendig for å oppretthalde ein fiskebestand. Det viser seg at yngelen av fisk frå Sjudalen er rimeleg godt tilpassa dei økologiske leveforholda som er i fjellvatna våre.

I mange av vatna som ligg lågare, gyter auren naturleg og i eit slikt omfang at bestanden kjem ut av kontroll - vi får «overbefolka» fiskevatn. Det vert sterk konkurranse om næringsdyra, dette går utover storleiken og kvaliteten på fisken. I slike vatn må eit omfattande tynningsfiske til. Det er fleire døme på gode resultat av slike harde utfiskingar i Skjåk.

Viktige næringsdyr for auren i fjellvatna våre er skjoldkreps, linsekreps og larver av steinfluge, vårfluge, døgnfluge og fjøremygg. Dei to fyrstnemnte gjev auren den delikate raude kjøtfargen. Dette kjem av gule og raude fargestoff som kalles karotenoider.

For å følgje med korleis ein fiskebestand utviklar seg, vert det gjennomført såkalla prøvafiske. Dette består i å samle inn ulike data om fisken, det kan vera lengd, vekt, kjønnsmodning, skjell m.m. Desse opplysningane dannar grunnlag for ein rapport laga av fagfolk.

Denne kunnskapen legg føringane for forvaltninga av fiskeressursane i kommunen.

Skader på fisk og næringsdyr av sur nedbør er ikkje registrert, men det betyr ikkje at området er fritt for sur nedbør. Det vart målt svært låg pH i enkelte snølag ved Sota-området på ettervinteren 1995. Når det gjeld målingar frå vatn sommarstid, er det registrert lågast pH (i underkant av 6,0) i dei sørvestlege delane av kommunen. Den kritiske perioden for fisk og næringsdyr er i snøsmeltinga når dei « sure komponentane » vert vaska ut og kjem ned i vatna.

Ut frå målingar dei siste åra må fleire vatn karakteriserast som svakt sure. Vi ligg innanfor det nordvest-lege grunnfjellsområdet, som hovudsakleg inneheld gneistyper som er lite nedbrytbare og dermed gir liten nøytralisering av den sure nedbøren. Det er viktig å følgje med i utviklinga av surleiken i vassdraga våre.

Fiske i Lom

I eldre tider hadde fisket stor verdi som matauk, og for nokre også som næring. Vårdølane visste nok alt den gongen Heilag Olav for gjennom bygda kor stor verdi Tesse hadde for dei som fiskevatn. Også i dag har fisket ein viss verdi som matauk, sjølv om opplevingane knytt til sjøve utøvinga av fisket nok truleg er det viktigaste for dei fleste idag. I statsallmenningane, som utgjer 76% av kommunen, er det til saman om lag 150 fiskevatn og 150 km fiske-førande elver og bekker. I tillegg til dette kjem vatna i grunneigarlagsområda og ikkje minst Bøvre og Otta-elva med Skim. Den siste kanskje den mest produktive og fiske-rike lokaliteten i heile kommunen.

I fjellet er aure, meste utan unntak, det dominerande eller einaste fiskeslaget. I dei beste vatna er vekt på to til tre kg ikkje så uvanleg.

Det er fjellstyra som forvaltar fisket og sel fiskekort i statsallmenningane. Lom fjellstyre selde siste året 943 fiskekort, som gav ei bruttoinntekt på kr 75 000.



Opptaking av garn på Fantesteinvatnet

Fiskekortsalet nådde ein topp i starten av nittiåra, etter dette har fiskekortsalet gått ned att ein del. Den same utviklinga har det også vore i andre statsallmenningar i Gudbrandsdalen.

Lom fjellstyre har sidan 1990 tillate oterfiske også for utanbygdsbuande på dei fleste vatna. Dette har vore godt motteke, særleg av utflytta lomværer og av folk som har hytte i Lom, og det er spesielt desse som nyttar seg av dette korttilbodet.

Fjellstyret set årleg ut fisk i 20-40 av fjellvatna. Talet på utsett fisk varierer noko frå år til år, men gjennomsnittet for dei siste 10 åra er på 9.200 settefisk/ungel pr. år. Tidlegare vart all setjefisken produsert i eigne naturdammar, ein på Leiråsen og ein ved Nåvårseter. Etter at det nye settefiskanlegget til Vågåfisk AS i Randsverk har kome i drift, blir ein del av settefisken kjøpt her. Fjellstyret er saman med Vårdalen grunneigarlag medeigar i dette anlegget, som har konsesjon på stamfiskproduksjon og produksjon av yngel/setjefisk av fire lokale fiskestammer. Den eine av desse er Tesse-stamma, og i samarbeid driv grunneigarlaget og fjellstyret stamfiske på Tesse og leverer rogn til anlegget.

Krava til produksjon og utsetjing av fisk har vorte sterkt skjerpa i seinare tid. All utsetjing av fisk krev nå løyve frå Fylkesmannen, og utsetjing av fisk i fisketomme vatn krev løyve frå Direktoratet for naturforvaltning. Vidare blir

det ved fiskeutsetjingane i langt sterkare grad nå enn før lagt vekt på å bruke fisk av lokale fiskestammer. Det er særleg omsynet til smittespreiing og sjukdomsoverføring som har ført til dei skjerpa krava. Takka vera gunstige berggrunnstilhøve og lite nedbør har vi sluppe heldig frå den forsuringa mange av fiskevatna i Sør-Norge har vore utsette for. Der det kan påvisast litt forsuring er i nokre av vatna på Sognefjellet. Men eit anna tiltakande problem er den auka oppblomstringa av botnvegetasjon og algevekster i fjellvatna, som kjem av den store nitrogentilførselen gjennom nedbøren.

Etter Tsjernobylulykka i 1986 vart nokre vatn følgt opp med faste målingar av radioaktiviteten i fisk kvart år i ein tiårsperiode. To av vatna var Høyvatnet og Tesse. Frå 632 og 768 bq/kg i starten gjekk tala ned til 20 og 30 bq/kg ved siste måling (1995).

Ørekyta har vi hittil sluppe heldig unna i Lom. Denne uønska konkurrenten er ein uønska konkurrent til auren, og er mest uråd å bli kvitt att når den har etablert seg. Vi har fått den i Sylvetjernet, og trass i behandling av vatnet med rotenon finst den ennå her. Rettnok ikkje i stort antal, da fangsten med ruser sist sommar berre vart på nokre få hundre eksemplar.



Fisket i Tesse og Aursjoen



Tesse og Aursjoen er truleg dei to vatna i Lom og Skjåk der det blir fiska mest. Vi veit ikkje kor lenge det har vore fisk i desse to innsjøane, men for Tesse kan det nok dreie seg om mellom 1000-2000 år. Da Olav den heilage ga Tesse åt Torgeir den gamle på Garmo i 1021, var nok dette ei gåve av stor verdi. I Aursjoen har det og vore fisk i relativt lang tid. I boka *Til fjells i feriene* skreiv Jens A. Friis i 1876 at i Aursjoen skal fisken bli så stor «at den får mån». Båe innsjøene er nå regulert. Dette fører ofte til at viktige gytebekker blir øydelagt, og for å bøte på desse skadene blir det sett ut fisk.

Når ein innsjø blir nedtappa, vil det og skje ein sterk reduksjon i produksjonen av botndyr i strandsona. Her finn ein oftast dei viktigaste næringsdyra for aure. Ei regulering har vanlegvis ikkje nokon negativ verknad på dyreplanktonet ute i vatnet.



Gamle søkker funne ved Tesse.

Tesse

- eit svært godt fiskevatn gjennom fleire hundre år

Tesse har gjennom fleire hundre år vore eit svært godt fiskevatn. I 1930-åra var det fleire båtlag som fiska med oter og garn heile sommaren. I denne perioda vart det teke 8000 - 9000 kg aure kvart år. I 1943 vart Tesse regulert og nedtappa med frå 3,7-11,8 m kvart år fram til 1963. Då vart andre trinn i reguleringa slutført med overføringa av Veo til Smådøla. Tesse ligg 854 meter over havet og er ein relativt djup innsjø med 63 m på det djupaste. Ved overføringa av Veo vart nedre del av Smådøla kanalisert og øydelagt som gyteelv. Smådøla med sideelver var dei viktigaste gyteområda for auren i Tesse, noko som det omfattande sleofiske som vart drive her viser. Utløpsoset var og ein god gyteplass, og i tillegg gytte fisken på fleire grunner i sjølve vatnet. Den naturlege rekrutteringa av aure til Tesse gjekk sterkt attende. Sidan slutten av 1940-talet har det derfor vore sett ut fisk i Tesse. Frå 1970-talet og fram til 1986 vart det sett ut mellom 10.000 og 28.000 merka setjefisk kvart år. Dette var avkom både av fisk frå Tesse og av framand stamme. Tessefisk vart oppdretta på naturleg føde i ein jorddam i Bjønnalia.

Frå 1979 til 1992 har det årlege fangstutbyttet i Tesse variert mellom 850 og 3.500 kg (figur 1).

Over 80% av fisken vart teken på garn, resten på oter. Det var eit godt garnfiske i Tesse i fyrste del av perioden med eit årleg uttak på 2160 - 2670 kg. Fram til 1987 gjekk fangstutbyttet sterkt ned, blant anna fordi det vart fiska mindre etter Tsjernobylykka i 1986. Men samtidig var det og ein nedgang i fangst pr. garnnatt i vekt fordi fisken var mindre enn før (figur 1).

Sidan 1988 har det vore ein markert auke i avkastinga, og både i 1991 og 1992 vart det teke om lag 3500 kg fisk. Dette skjedde fyrst og fremst fordi størrelsen på fisken har auka, og ikkje fordi det vart fiska meir. Det ser ut til at dei store utsetjingane på 1980-talet førte til ein nedgang i produksjonen av stedeigen fisk. Ein bør derfor vera varsam med å setja ut for mykje fisk i eit vatn. Dette gjeld spesielt i regulerte vatn der næringsproduksjonen har gått sterkt attende. Det er betre med færre fisk av fin kvalitet enn fleire fisk av dårleg kvalitet.

Avkastinga i Tesse har gått attende etter reguleringa, men fortsett er det eit godt fiskevatn. Årsaka til at Tesseauren har klart seg så bra er at den i stor grad ernærer seg av dyreplankton ute i dei frie vassmassene. I dei fyrste leveåra held fisken seg nær botn og søker skjul blant stein for å verne seg mot større og meir aggressive individ. Når auren i Tesse blir over ei bestemt lengde (om lag 20-25 cm) forlet ein del individ leveområdet på botn og søker ut i dei frie vassmassene. Dette skjer som regel på forsommaren etter at dyreplanktonet har blomstra opp. Tesse har eit stort vassvolum, og den totale produksjonen av dyreplankton er derfor relativt høg. Den framande fisken i Tesse har ikkje same åtferda, og berre ein liten del av han har vore attfanga i dei frie vassmassene. Sidan 1990 har det berre vore sett ut fisk av stedeigen stamme.

Aursjoen

- truleg det mest brukte fiskevatnet i Skjåk

Aursjoen ligg 1097,5 meter over havet, og vart alt i 1919 regulert med 1,75 m. I 1965 vart reguleringshøgda auka til 12,5 m med 2,5 m heving. Største dyp i Aursjoen er 24 m. Den naturlege rekrutteringa av aure i Aursjoen vart og redusert etter reguleringa, spesielt fordi utløpet vart avstengt og delar av innløps-elva neddemt. Etter siste reguleringa har det årleg vore sett ut mellom 4000 og 6700 setjefisk. Frå 1984 til 1986 vart 15.000 setjefisk av Tessestamma merka ved finnekipping før utsetjing.


I garnfangstene til dei lokale fiskarane på 40 mm maksevidde har denne merka fisken utgjort 70-75%. Dette viser at fisket i Aursjoen i stor grad er avhengig av utsetjingar. Aurebestanden i Aursjoen blir vesentleg fanga med 40 mm garn, og gjennomsnittsvakta i fangstene i dei siste åra har vore 400-460 g. I tillegg blir det år om anna teke ein del fisk på oter. Det årlege fangstutbyttet på garn i Aursjoen har i perioden 1980-1993 variert frå 690 til 1.800 kg (figur 2). I dei siste åra har det vore dårleg fiske, noko som truleg har samanheng med kalde somrar. Ulike aurestammer er tilpassa dei lokale temperaturløva, og den temperaturren der fisken veks best varierer frå 11°C i høg fjellet til 16°C i låglandet. Vass temperaturen i Aursjoen har vore målt til faste tider gjennom heile forsøksperioden. I Aursjoen er gjennomsnittleg maksimumstemperatur om sommaren (1984-1993) ca 12°C, som truleg er nær den temperaturen som gjev best vekst her. Det er ein klar auke i tilveksten ved aukande temperatur. Det ser ut til å vera ein kraftig vekstreduksjon hjå aure i høg fjellsvatn som Aursjoen når temperaturen er ca 2°C under den temperaturen som gjev best vekst. Når tilveksten avtek, tek det fleire år før fisken er så stor at den sit på 40 mm garn. Dette har resultert i at alderen på den fisken i garnfangstene har auka frå 4-5 år i 1980-1989 til 6-7 år i 1990-1993.

Det betyr at innsjøen må huse fleire årsklasser, og konkurransen om næring og plass aukar.


Det har og skjedd klare endringar i næringsgrunnlaget for auren i Aursjoen i dei siste åra fordi skjoldkrepsebestanden har gått sterkt attende. Skjoldkrepsen er eit 1,5-3,0 cm langt krepse dyr med to karakteristiske haletrådar, og den finst i fleire fjellvatn i Lom og Skjåk. Skjoldkrepsen er eit svært viktig næringsdyr for aure i mange reguleringsmagasin fordi det tåler vassstands endringar. I Aursjoen har dette krepse dyret gjennom mange år vore det vanlegaste næringsdyret for auren.

På 1980-talet utgjorde skjoldkrepsen mellom 50-80 % av dietten, mot berre 7-11% etter 1990. I dei siste åra har auren ihovudsak ernært seg av mindre krepse dyr (linsekrepse). Årsaka til at skjoldkrepsen har gått attende i Aursjoen, er truleg sein magasin fylling i 1990, slik at berre ein liten del av skjoldkrepseggja vart klekt. Det ser ut til å ta fleire år før skjoldkrepsebestanden i Aursjoen tek seg opp att. Ein mindre bestand av skjoldkreps har truleg og resultert i at veksten har gått attende i dei siste åra. I Aursjoen lever både den sted-eigne fisken og den utsette Tessefisk i liten grad i dei frie vassmassene. Tessefisk har altså eit anna levested i Aursjoen enn i sitt heimvatn. Dette har truleg samanheng med dei lokale næringstiløva, spesielt at det er lite dyreplankton.

Undersøkingane i Aursjoen har vist at det kan vera store årlege svingingar i fangstutbytte og vekst hjå aure. Dette skuldast truleg variasjonar i vass temperatur og næringstiløve. Ein fiskebestand kan ikkje setjast i banken i håp om å få eit relativt fast og godt utbytte kvart år. Ein kan heller ikkje spare seg til ein god fiskebestand; den beste medisinen er hard beskatning.



Figur 1. Samanstilling av ulike resultat frå undersøkingane i Tesse frå 1979 til 1992: Fangstutbytte i kg på garn (A), antal garnnetter (B), fangst pr. garnnett i kg (C), og gjennomsnittleg vekt i garnfangstene (D).



Figur 2. Samanstilling av ulike resultat frå undersøkingane i Aursjoen frå 1981 til 1993: gjennomsnittleg alder på 40 mm garn (A), gjennomsnittleg vekt (B), fangst pr. garnnett i kg (C), avkastning i kg pr. hektar (D)

135 hekkande fugleartar i Lom og Skjåk

Av faunainnslag er fuglane dei vi finn flest av både i mengde og artar. Fuglane er dei mest mobile skapningane og gjer mest av seg både når det gjeld lyd og det å bli lagt merke til. Fjørdrakta er ofte fargerik.

I Lom og Skjåk er det registrert heile 135 hekkande artar. Nokre få er usikre som hekkefuglar, og i alt er det sett 41 meir eller mindre sjeldne streif- og trekk- artar. Av desse kan nemnast mandarinand, stork, hærflugl og pirol. Desse er svært sjeldne i Norge i det heile og tydelegvis individ som har kome «heilt på villstrå». I vestlege stromk som Gjendebu, Lundadalen, Bråtå og Breidalen har det dukka opp typiske kystfuglar som ærfugl, lomvi, storjo og tjuvjo, ofte i samband med kraftige vestlege vindar.



Fjellvåk

Det folk flest registrerer av fugleliv er småfugl i nærmiljøet, i fuglekasser og på fôringss-plassar om vinter. Og så dei store rovfuglane som ein oft-ast ser i flukt over ei hø. Kongeørna har vore eit fast innslag i alle tid-er. På 60-talet gjekk nok talet noko ned, for så å ta seg opp att på 80-talet. I Lom er det nå sju par og i Skjåk minst tre. I Lom har det truleg aldri vore tettare, men det som varierer og som enkelte år gjev eit inntrykk av at det er mykje ørn, er talet på ungar som veks opp. I 1996 var det ingen. I år med god næringstilgang kan det teoretisk bli bortimot 20.

Fjellvåken blir stundom teken for å vere ørn, men han er trekkfugl og slår seg til her berre når det er ein del smågnagarar å finne.

I rekord-året 1994 fanst det truleg mellom 50 og 60 par i Lom og Skjåk, medan han i 95 og 96 nesten ikkje var å sjå. Bryt smågnagarbestanden saman under hekketida, kan fjellvåken ta for seg av m.a. rype. Det vil i så fall vere berre for stuttare tid. Året etter kjem dei ikkje att. Jaktfalken er den mest sjeldne rovfuglen vi har ei fast stamme av. Som meir spesialisert rypejeger hekkar han ikkje i dårlege rypeår. I bygdene her finn vi sju par. Eitt av desse er det mest høgthekande i verda på 1500 m o.h. I 1996 hekka ingen av dei. Hønehauken lever meir bortgøymt og finst truleg heller ikkje i større tal enn ørn og jaktfalk. Skogen blir mindre og mindre eigna for hekking, og skogsfugl er det lite av.



Jaktfalkungar

Av dei nattaktive uglene er hubroen den største. Han var mykje vanlegare for om lag 30 år sidan enn nå. Uglene er ikkje så ofte å sjå og blir for det meste registrert etter lyden. Hubroen har vore høyrd mest år-visst på minst sju stader dei ti siste åra. Det ser likevel ut til at denne fuglen har større vanskar med å fostre opp ungar enn ørn og falk. Den store kvite snøugla eller kvitørna blir sett nesten kvart år i fjellet på nordsida av dalføret. Kattugle er registrert på fleire stader i Lom og Skjåk enn nokon annan stad i Oppland. Det er og funne fleire reir. Rypa er ein viktig del av næringsgrunnlaget for rovfuglane.

Li- og fjellrypa er og det viktigaste fugleviltet for jakt. Svingingane i bestand-en har alltid vore store og blir fylgde med interesse. Det siste tiåret har dette ikkje følgt det vanlege mønsteret. Det har heller ikkje svingingane i bestanden av smågnagarar. Vi hadde nokre gode år på midten av 80-talet. Sidan har det vore få positive tendensar. Erfarne fjellfolk fortel at rypa år for år har forsvunne frå stader der ein har brukt å sjå ho i fjellet, og det vert prata om dramatisk nedgang i bestanden. Det beste rypeåret den siste mannsalderen var i 1966 da det t.d. vart fanga bortimot 1000 ryper i snare i Raudalen.



Utstoppa lirype

Årsakene til dette er fleire: Attgroing og endringar i vegetasjon grunna einsidig og for stort beitepress og forureining, meir mobile og effektive jegerar, uroing i kritiske faser i hekketida om våren og ein stor bestand av kråkefugl er viktige årsaker. Ørn og falk utgjør ein meir konstant predasjon på rypebestand-en, og dei regulerer han ved ikkje å fôra opp ungar i dårlege år. Fleire ungar i reira til jaktfalken er sikre teikn på gode rypeår. For lirypa er leveområdet for det meste ei nokså smal stripe mellom snaufjell og skog, og det gjer og bestanden sårbar for inngrep.

Dei andre hønsfuglane har det tilsvarande. Det er små samanhengande leveområde både for orrfugl og storfugl. Vi er ved grensa for utbreiinga, og dei små forekomstene vert lett truga ved inngrep som øydelegg og deler opp biotopane enda meir. Storfugl er det svært lite av. Orrfugl var det ein del av i Lom for åtte til ti år sidan.



Tiur.

av relativt sjeldne andearter som stjertand, skjeiand, knekkand og gravand er å sjå år om anna langs Skim, og dette er fargerike og vakre fuglar som likevel kan vere vanskelege å få auga på mellom alle dei andre vanlege artane.

Havelle finst i relativt store antal i fjellet nord for dalføret m.a. ved Råkåvatnet. Slike høgtliggjande biotopar er marginale og fuglane kan hekke her berre i gode somrar. Av vadefuglane er det raudstilk, vipe og heilo som er dei vanlegaste. Dei mindre artane er meir anonyme. Myrsnipa har alle høyrte om, men dei færreste har sett ho da ho finst berre på nokre få stader i fjellet, t.d. i Veodalen.

Fuglelivet er langt frå statistisk. Det endrar seg over tid av kjende og ukjende årsaker. Det finst og døme på at artar aukar i tal.



Knekkand - ein sjeldan gjest på Åsjo

Det vart rekna over 20 hanar på ein leik, men reduksjonen har vore kraftig på 90-talet. Det er på våtmarkene ein finn den største konsentrasjonen av fugl i delar av året. Særleg gjeld dette under vår- og hausttrekket. Vi har da Risheimøye og Åsjo naturreservat som skal ta vare på det rike livet her.

I Smådalen er det og eit område som er freda. Stokkanda er mest talrik, men ho har hatt ein nedgang til det halve dei ti siste åra (frå 800 til 400 individ på hausttrekk i Risheimøya). Det ser ut til at ho har vanskar med å få fram ungar. Andre ender som toppand og brunnakke har ikkje hatt slik utvikling, kanskje heller ein liten oppgang. Eit eller fleire par

Fiskemåka er ein nokså ny innbyggjar i fjellheimen men talet har ikkje auka dei siste åra. Hettemåka varierer mykje i bestand og dukkar enkelte år opp i store tal om våren. Trane og hegre har vorte årvisse hekkefuglar. Tyrkerdua er eit døme på ein art som dukka opp på 60-talet, men som nå ser ut til å vere borte att.

Invasjonsartar kallar vi dei som enkelte år dukkar opp i store tal. Som regel kjem desse frå aust. I 1995 vart Sibirsk nøttekråke sett både i Nordberg og Lom i eit tal på om lag 30 og seinare utover hausten kom store flokkar med sidensvans, gråsisik og trost. I gode kongleår kjem krossnebbane nedover skogliene og startar da gjerne hekkinga



Mandarinand - ein fargerik skapning som har vore

medan det enda er vinter. Mest dramatisk og merkbar har nok nedgangen i småfuglebestanden vore. Særleg på 90-talet har tendensen vore illevarslende for artar som stær, trost og linerle. Toppmeis og vende Hals ser ut til å bli heilt borte. Av hakke-spettane, som lever nokså bortgøymde i skogen, er dvergspetten ille ute. Han var vanleg i Skjåk for 30 år sidan. Nå er han nesten ikkje å sjå.

Øydelegging av leveområde for dei ulike artane grunna inngrep og omforming av landskapet er den viktigaste årsaken. Dette gjeld både i vårt område og i dei områda fuglane er om vinteren. Lokalt i nærmiljøet gjer det store talet på skjære og kattar i bustadfelt sitt beste i å hindre småfuglane i å få fram ungar. Kraftliner og stor trafikk på raske vegar krev og ei vesentleg mengde fugleliv. Framtida ser med andre ord ikkje berre lys ut for våre flygande medskapningar. Ei trøst kan det kanskje vere at det denne vinteren har vore fleire småfuglar å sjå enn på fleire år og det har vore ein mild vinter.



Kongeørn fotografert på Norsk Fjellmuseum

Fugleartar i Lom og Skjåk

Hekkende artar:

Storlom	Dobbeltbekkasin	Gulsongar
Gråhegre	Svømmesnipe	Hagesongar
Stokkand	Fjelljo	Munk
Krikkand	Hettemåke	Tornsongar
Brunnakke	Fiskemåke	Møllar
Skjeiand	Makrellterne	Gransongar
Toppand	Raudnebbterne	Lauvsongar
Bergand	Ringdue	Fuglekonge
Svartand	Bydue	Svart-kvit flugsnapp
Sjørre	Tyrkerdue	Gråflugesnapp
Kvinand	Gauk	Buskskvett
Havelle	Hubro	Steinskvett
Laksand	Hornugle	Raudstjert
Hønsehauk	Jordugle	Raudstrupe
Spurvehauk	Perleugle	Blåstrupe
Fjellvåk	Spurveugle	Gråtrost
Kongeørn	Haukugle	Ringtrost
Myrhauk	Kattugle	Raudvengetrost
Jaktfalk	Tårnseglar	Måltrost
Dvergfalk	Vendehals	Duetrost
Tårnfalk	Grønspett	Granmeis
Lirype	Gråspett	Toppmeis
Fjellrype	Flaggspett	Svartmeis
Jerpe	Dvergspett	Blåmeis
Orrfugl	Tretåspett	Kjøttmeis
Storfugl	Svartspett	Spettmeis
Trane	Sandsvale	Trekrypar
Sothøne	Låvesvale	Gråsporv
Sandlo	Taksvale	Pilfink
Dverglo	Fjellerke	Bokfink
Boltit	Sanglerke	Bjørkefink
Heilo	Trepiplerke	Grønfink
Vipe	Heipiplerke	Grønisisik
Temmincksnipe	Gulerle	Bergirisk
Fjæreplytt	Linerle	Gråsisik
Myrsnipe	Tornskate	Rosenfink
Brushane	Stær	Konglebit
Raudstilk	Lavskrike	Grankorsnebb
Gluttsnipe	Skjære	Furukorsnebb
Skogsnipe	Kaie	Dompap
Grønstilk	Kråke	Gulsporv
Strandsnipe	Ravn	Hortulan
Småspove	Fossefall	Sivsporv
Rugde	Gjerdesmett	Lappsporv
Enkeltbekkasin	Jernsporv	Snøsporv

Streiffuglar og sjeldne artar

Smålom	Dvergmåke
Storskarv	Sildemåke
Canadagås	Gråmåke
Grågås	Svartbak
Knoppsvane	Lomvi
Sangsvane	Skogdue
Gravand	Snøugle
Knekkand	Lappugle
Snadderand	Slagugle
Stjertand	Varslar
Ærfugl	Kornkråke
Siland	Nøttekråke
Fiskeørn	Sidensvans
Havørn	Stjertmeis
Sivhøne	Tornirisk
Tjeld	Kjernebiter
Dvergsnipe	Stork
Sotsnipe	Mandarinand
Storspove	Pirol
Kvartbekkasin	Hærfugl
Storjo	Enghauk
Tjuvjo	





Lom og Skjåk Sparebank

2686 Lom, telefon 61 21 10 01, telefaks 61 21 10 06
2692 Skjåk, telefon 61 21 42 66, telefaks 61 21 45 66
Bankbuss, telefon 94 44 60 04

Ide, grafisk utforming og prosjektstyring: Visus, Lom

Trykk: Hagen Offset as

Tekst temadel: Store rovdyr: Christian Vole

Små rovdyr: Jørgen Vole

Rovdyr i stadnamn: Jorunn Kvale

Hjortedyr: Stig Aaboen

Fiske i Skjåk: Øystein Breie

Fiske i Lom: Odd Repp

Fiske i Tesse og Aursjoen: Trygve Hesthagen

Mest fugl både i antal og art: Per Bådshaug

Haren det mest tallrike pattedyret: Per Bådshaug

Foto: Lars Ole Ørjasæter s. 3

Visus: s. 4, 5, 11, 22, 27, 28, 30, 33, 34, 35, 36, 37, 38

Arne J. Mortensen, s. 24, 25, 26, 31 (dei tre fyrste er tekne under kontrollerte forhold)

Stig Aaboen s.28

Knut Øyjordet s.29

Trygve Hesthagen s.33, 34

Lars Gjerdet s.32

PS-Foto s.32, 37

Per Bådshaug s.36, 37

